LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Leif Egil Leivestad
Vassbygdvegen 815
5912 SEIM

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Ingrid Bjørge Pedersen | 25.04.2018 |
| Vår: 18/1343 - 18/13455 | Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no | |

# Registrert feil/mangel etter slamtømming - gbnr 179/13 Leivestad nordre

Lindås kommune har 20.04.2018 motteke melding frå Norva 24 Birkeland om at det ved gjennomføring av slamtømming vart registrert mangla dykk på utløp på slamavskiljar på eigedom gbnr 179/13.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørga for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørga for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Feil på anlegget må utbetrast.

Kommunen har ingen opplysningar om avlaupsanlegget for eigedomen. Før vi vurderer om det er naudsynt å setja ytterlegare krav om oppgradering av avlaupsanlegget ber vi om at det vert gitt tilbakemelding på kva avløpsløysing eigedomen har. Det må gjerast greie for når avløpsanlegget vart etablert, kor stor slamavskiljaren er, kva type slamavskiljar og kor avløpet vert ført etter reinsing, td. til terreng, sjø sandfiltergrøft eller anna.

Vi ber om tilbakemelding på kva avløpsløysing eigedomen har innan **7. mai 2018.**
Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra lekkasjen, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra ein avløpsleidning/anlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre dette arbeidet.

Når lekkasjen er reparert må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sender du til

- postmottak@lindas.kommune.no eller

- Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

LINDÅS KOMMUNE

Byggesak

**TILBAKEMELDING OM UTFØRT ARBEID**

Skjemaet skal sendast straks etter at avløpsleidningen/avløpsanlegget er utbetra til: postmottak@lindas.kommune.no eller til Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

ArkivsakID: 18/1343
Gbnr: /
Adresse:
Tiltak: Velg
Eigar/styrar/festar:

***Skal fyllast ut av eigaren av anlegg/leidning:***

| | |
|---|---|
| ***Kort utgreiing om arbeidet:*** | |
| **Arbeidet er utført av:** | |
| **Stad og dato:** | **Underskrift:** |

Vedlegg: Fotodokumentasjon på utført arbeid

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Ingrid Bjørge Pedersen<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Leif Egil Leivestad | Vassbygdvegen 815 | 5912 | SEIM |